

det saman med håret frå strikken til ein loddrett hanekam. Hanekammen skal gå frå kanten på krona og ned til hårfestet i nakken. ④ Hald malen i 90 gradar ut frå hovudbotnen og klipp av i same lengde som håret du har med deg frå krona. Finpuss på nakkemalen til du har rett form og lengde.

- B** No skal du bruke nakkemalen som lengdeguide til å klippe alt håret i nakken like langt. Håret du klipper bak, skal altså ha same lengde som du klippte framfor øyra. Første steg er å klippe den eine sida frå midten av

nakken og framover til rett bak øyret, der du treffer lengda du klippte tidlegare. Bruk den nye nakkemalen til å klippe kopi for kopi, til alt håret har same lengde. Kvar gong du lagar ein ny kopi, let du altså eit par millimeter av originalmalen vere mellom fingrane, slik at du heile tida klipper i same lengde som originalmalen. Gjer det same på motsett side.

- C** Når du er ferdig på begge sider, skal alt hår i nakken ha lik og vassrett lengde. Dette sjekkar du ved å gå gjennom alt håret og dra det rett ut i 90 gradar frå hovudbotnen.



## AVSLUTNING

- A** Føn håret tørt, slik at du ser korleis og kor håret legg seg naturleg.
- B** Klipp eller barber vekk alle overflødige nakkehår.
- C Oppklipt lugg:** Bruk kammen til å greie opp ein smal passé langsmed heile hårfestet i luggen. Klipp av i ønskt lengde og form. ⑦
- D** For å få ei mjukare avslutning i luggen brukar du pointteknikk, der du klipper små «hakk» slik at kanten får litt ulike lengder. ⑧
- E** Når du er ferdig med luggen, går du over kanten rundt øyra og i nakken med same pointteknikk.

